



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Brunstad Kraft AS, Sykkylven kommune **Fråsegn til planendring - avgrensa høyring**

Vi viser til oversending frå NVE 06.04.2016.

Vidare viser vi til utsatt frist 10.06. gjeve i e-post frå NVE v/ Erik Roland 18.05.2016.

Saka gjeld planendring for Brunstad kraftverk i Sykkylven kommune i Møre og Romsdal. Kraftverket fikk konsesjon av NVE 28.06.2005 og satt i drift 28.04.2010. Brunstad Kraft AS søker om å overføre ein sidebekk (Vellesæterbekken) og å auke slukeevne og effekt i kraftverket. Verket har i dag produksjonskapasitet som ikkje er utnytta. I stikkord gjeld omsøkte endring følgjande:

- overføringa får ein kapasitet på 250 l/s (tilsvarar 250 % av middelvassføringen ved sideinntaket)
- slukeevne 1,8- til 2,25 m³/s (frå 159- til 199 % av middelvassføring ved inntaket i Vellesæterelva utan overføring
- minste slukeevne uforandra (90 l/s)
- auke kraftproduksjon fra 12,2- til 14,0 GWh i eit midlare år, alternativt 13,5 GWh utan overføring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har følgjande konklusjon:

Sjølv om aktuelle sak ligg i eit område som allereie inneheld fleire fysiske inngrep vil vi ikkje gå i mot overføring av Vellesæterbekken. For å redusere omfanget av nye inngrep vil vi sterkt gå inn for at overføringa skal skje via borehol alternativ 2. Dette vil korte påverka strekning i Vellesæterbekken nedstraums inntakspunkt som i tillegg vil ligge skjult i bekkekløft. Vidare vil vi peike på at anleggsaktiviteten må skje så skånsomt som mogleg og, som nemnt i søknaden, utanfor høgste turistsesong. I driftsfasen får vi forklart at denne løysinga overtid blir svært lite synleg frå den populære stien til Vellesetra.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Leif Magnus Sættem

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.